

Emnenr. 6

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Ja.

Herad: Avaldsnes

Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie  
63 år.

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. På Karmøy er skoglaust. Dette gjer truleg at dette med "lur" til å blåsa i, er lite kjent. Eg har inkje å fortelja om det.
2. Såleis har eg heller ikkje kjennskap til noko av dette.
3. Eg kjenner berre til "Hestaskratla". Det var ein trerull oml. 5 cm. i diam og oml. 10 cm. lang. Lengst etter trerullen var aksling. Denne var lang i eine enden slik at ein der kunde få tak med baa hendene. I rullen var innskore hakker, så han utvendes vart på skap som eit slags tannhjul. Rullen var innsett i ei råma der ei treplata oml. 30 cm. lang låg og pressa med enden ned i "tennene". Når ein så heldt i den lange akslingen og svinga "skratla" (råma) rundt braka det godt. Hestane var svert redde dette. Difor namnet.
4. Å smella eit blad i handa, er nokså kjent. Å smella ein pose fyllt med luft har så lenge eg minnest vore ein mykje brukt leik mellom ungane. I mi barndomstid brukte ungane ymse slag klokkeblomar til smelling, Det var serleg nokre blå klokker på storleik som ei finger-björg (fingebjör - sa me). Eg hugsar ikkje godt kva me kalla dei. Dei skulde vel helst heita blåklokker, men eg trur me kalla dei for "finbjörblomar". No er desse blomane borte frå mark og eng.

Svepesmell er velkjent.

Med pose skulde det smellast så snart ein unge fekk ein pose i handa. Smell med klokkeblomane var sjölvsagt berre om sumaren, og var berre ein slags leik. Svepesmellet bruka ein når ein var ute og kjörde med hest.

Dynamitt-skot har alltid vore bruka 17. mai og vert bruka framleis, for så vidt det ikkje vert avlöyst av ymse slags "bomber". Heilt frå barnedagane mine har det vore bruka så mange slags smelling som berre mogleg, den 17. mai. Pistol med knall var vanleg. Ein lykel med hol i enden fyllte ein delvis med krut, hadde så ein jernbolt som hövde nokonlunde til holet. Ein hyssing vart festa med eine enden i bolten og den ande i lykelen. Når ein så heldt i ~~kr~~ hyssinghanken og svinga bolten og det heile mot ein stein, smell det godt.

I mi fyrste tid vart det skote med dynamitt for likfylgje og endå meir for brurefylgje. Det siste vert delvis brukt enno.

Noko serleg forklaring på meininga med dette

er det vanlegvis ikkje noko tale om. Men det er vel nokså klårt at opphavet er det at vonde makter skulde skremast så lukka kunde koma til.

Å blasa mellom b e tommelfingrane er ein vanleg sport mellom gutungane. Dette vert helst overdrive av dei som kan det, og vert helst rekna som ein liten "unote".

5. Kjenner inkje til dette.

Avaldsnes den 9/5 1952